
Fra: Byggesak Lindås
Sendt: 13. november 2018 09:25
Til: 'vikanesromarheim@gmail.com'
Emne: Svar på spørsmål om søknadsplikt ved etablering av leikeplass på Romarheim gbnr. 217/4
Vedlegg: Dispensasjon.pdf

Til Vikanes/Romarheim Bygdelag v/ Helge Eidsheim

Vi viser til dykkar e-post datert 07.11.18 i høve spørsmål om søknadsplikt ved etablering av leikeplass.

Det aktuelle arealet er omfatta av kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023. Arealet er i planen avsett til LNF-føremål. Eit kvart tiltak som ikkje har direkte tilknytning til landbruket vil krevje at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå arealføremålet. I dette høvet vil de måtte søkje om dispensasjon frå LNF-føremålet for etablering/planering av eit areal for etablering av leikeplass. Vi legg ved ein rettleiar til søknad om dispensasjon, sist i rettleiaren ligg det eit forslag til skjema som de kan nytte.

Arealet ligg med eit fareomsyn knytt til stein og løsmasser (skred) i kommuneplanen, ved eventuell søknad må dette gjerast greie for av fagkunning.

For etablering av leikeplass vil det vere naudsynt med søknad om dispensasjon og søknad om løyve til etablering av plass i samband med leikeplass.

Etablering av sjølve plassen kan vere søknadspliktig med krav til bruk av ansvarleg føretak, dette vil avhenge av omfanget av planeringa og av kor kompleks tiltaket er. Det at arealet ligg i eit område som er definert som fareområde tyder på at de i dette høvet vil måtte nytte ansvarleg føretak.

Kommunen godkjenner ikkje leikeapparat osv. det vil vere eigar av plassen som er ansvarleg for at leikeapparat er godkjente, sikre og trygge i bruk.

Eilin H. Molvik | rådgjevar byggesak

E-post: byggesak@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 56 37 51 00
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no



Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med oss på kundesenteret tysdag eller torsdag frå kl. 09.00 til kl. 15.00 (pause frå kl. 11.30-12.00), telefon 56 37 51 00.

Innsending av søknadar og annan dokumentasjon i saker skal sendast til postmottak@lindas.kommune.no